Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70 | Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sande

Emne: Robåt, Segl og Motor | Bygdelag: Sandsöy

Oppskr. av: Gerhard Bringsvær | Gard: Nære Sande

(adresse): Sandshamn | G.nr. 73 Br.nr. 20 Leina

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest av eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Dei båtane som eg husker er Möring-båten. Det var ein fin slank båttype. Ofte var desse båtane måla Grön eller Blå, so dei var vakre å sjå til. Eller var dei Tjörebredd, med kvit Rip, eller Skandekk. Sume var måla Grönt eller Blått öaste bordet. Desse båtar hadde Storsegl. Toppsegl. Fokke og Klyver. Sume hadde og Mesan. Det var eit fagert syn, når desse båtane, i rad og rekke kom siglande inn fjorden, etter ent fisketur. I regelen hadde desse, eit mannskap på 7 mann. På framste Tofta, også kalla Kjempetofta, var tvo av dei sprekaste karane, med kvar si år. Dei hadde og med Fokke og Klyver å gjera. Fira og hala på skjötet, etter som vinden var. Var vinden ujamn, og det kom stride Vindrosor, skulde dei fira, eller gje ut på skjötet, so vinden fekk sleppa igjenom. På Tofta attanfor. Sigletofta sat tvo eldre menn, dei hadde med Falla åt Storseglet å gjera. Når rosone

14318

Emne 70 Båtar!

kom, skulde dei fire Piken, den øfste delen av Storseglet. Vart det rikting gale skulde dei fire seglet heilt ned. Dette var ansvarsfulle jobbar, og var det gjort dårleg, kunne det gå på livet laust, og mangen gong gjekk det gale.

På tredje tofta, sat og tvo mann under roing. Men under sigling, skulde den eldste passa Storskjøtet, fira og hala ettersom vinden var. Men alle måtte gjera som Høvedsmannen befalte. Den 6 på 3dje tofte var helst det dei i Nord Norge kalla Skårunge, eller fyrste fiskje gut. Hans arbeid var å ausa, båten læns til kvar tid, var det mykje vatn i båten, måtte nokon av dei andre og, hjelpa til med ausinga. På baktofta sat Høvedsmannen breid og trygg, med Styrevolen. Han passa på kvar enkel ting, og gav sine ordrar til alle. Han hadde og ansvar for Vegna, og bestemte kvar dei skulde setja garna, og ymse anna. Utbyttet av fiskja vart delt slik. Det var ein lut åt kvar mann, og ein lut på båten. Ungtukar var oftast leigd, med fast løn. Men båteigaren eller dei som heldt vegn åt Leigdemannen, hadde ein lut for han og. Løn åt leigdemannen var fastsett for fiskja, og var i min barndom, for 60 år sidan, frå kr 80 til 150 Fiskja vardi frå Kyndelsmess 2/2 til Varimess 25/3. Då reiste leigdemannen heim, kva so enn det var å gjera. Var det mykje uvêir, og heime lege, laut leigde mennerne arbeida på garden køyra Tare. Gjødsel. Bryta jord og Stein!

14318
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~2~~ 3.

Emne 70. Båtar og Båttypar.

1 Dei båtar og båttypane, som var, før Möringen, var Sunnmörsofringen. Den var ombygt med Möringen kring 1875. Ofringen var lang, og heller låg på midten. Den var lett og ro, for den var forholdvis grunn. Men seglet var tungført og stort. Det var berre eit segl som nådde fram i stammen, og langt att i båten. I bidevind, eller vind litt bakfrå, var den svær å sigla. Men var vinden trong, og dei måtte kryssa seg inn ein fjord, var dette seglet tungvindt, og uhövelegt. Når dei skulde venda, og taka til på ny baut, måtte dei taka seglet ned, for å la det på andre sida av masta. Dette tok so lang tid, at båten rak, ein god del nedöver. Difor gjekk det svært langsamt, å koma til lands, når vinden var ulagleg. På denne båten hadde dei, eit mannskap, på 7–8 mann, som hadde kvar sin, ansvarsfulle plass i båten. Ein mindre båt, av same typen, hadde dei og. Denne var kalla Fjörefar, og hadde berre 4–5 mann. So var det Færingen, som og var same båttypen, låg og grunn, men lett og ro, og koma seg fram på. Færingen var brukt til småfiske under land, og til å ro ærend med. Alle desse båtar, Ofringen Fjörefar, og Færing, er stort sett dei båttypar som har vore brukt her i landet, i dei siste 1000 år. Dei har iallfall ei slåande likheit med, Osebergskipet, Gokstadskipet og Kvalsundbåten frå Sunnmör.

Ja unge gutane hadde det ikkje alltid godt. Fyrst skulle dei sjå og lære

14318

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

alt som læraft kunne. So skulde dei gjera vakten unna arbeid, og skulde dei vera, so tvarsam, at lærra frå mannen, so var det ikkje tvaulg, at dei fekk, ein våt votte over Fleisen.
Derfor var løna tyngjeleg lite, 40-50 kr for ei heil fiskje. Alt det skulde det ofte, heldast mora, og gjøn med ungguten. Panne hadde skulde han tå huva eller Sydvesten av for det og det fjellet, eller for den Risen som budde der. Det gjorde dei på den måten, at, du har noko på huva eller hatten, og når han i god tru, tok av seg huva for å sjå, kva som var der, ropa dei og log, over, at guten hadde teke av seg huva eller hatten, for den eller den Trollkjerringa, eller for det eller det nøttet.
Ofte hadde den unge nybegynnaren, mykje sjøsjuke eller Sjøverk, og når han då skulde vera til lått og løgje, var det kje altid godt å vera nybegynnar, eller Skårunge.

II Den fyrste Motor kom i 1906. Han var her frå bygda, som kosta den fyrste motoren. Han heitte Einar Sande, og hadde ein liten deksbåt, som han kosta ein 3 Hester Alfa motor i. Den andre som koste seg motor var min bror. Petter Bringsvor. Hans båt var 32 fot, og hadde ein 5 hester Møllerup motor, dette var litt seinare i 1906. Frå no og utover 1907 og 1908, vart det jamt over kjøpt motor, og mange nye båtar, vart kjøpt og sett motor i. Desse foregangsmenn, var vanlege Bønder og Fiskarar, som hadde slite med Garar og Segl, og såg i dette umskiftet som ei lette, i det før so tunge tilvær, for føde og klede for kone og mange barn!

14318
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~5~~ 5.

Emne 70, Frå robåt til Motor!

2 Det vart ikkje, godt motteke, av dei
eldre i bygda. Dei trudde med anna
at dei skremde fisken, frå dei vanlegi
fiskeplassen, og når det då var dagar med
lite fisk, so var det jamt Motoren med
den utidige bankinga, som fekk skulda.
Det var og mykje vanskar, å få lån
i bankane den tida. Dei gamle forsiktige
bankmenn vilde ikkje låna ut pengar
utan dei hadde fast eigedom i pant. Soleis
laut den eine gå god for den andre, i båtlaget,
og setta gardane i pant. Dette gjekk som
oftast godt, men det hende og, at summe
var uheldig både med Motor og båt, og so gjekk
det gale, og han som då hadde fast eigedom
laut svida, for andre.
Det tok til å koma motor agentar til bygda,
og fabrikkane sende då, ein montör, som
sette inn motoren. I båtlaget var då ein,
mann som lærde av montören, og vart brukt
som maskinist, men snart lærde dei andre
og i båtlaget, å stella med Motoren!
Her kom og snart, verkstader der dei vølte, og
reperrerte motoren. Det vart og bygd opphaling
slippar, især ved Motor verkstadane, der
dei fekk båten på land, for å botna og mykja han!
Det var ofte slike, som hadde eigd åpen
båt eller deksbåt ilag, som kosta seg motor.
Dei fyrste motorane, var helst Dansk, eller
Dansk Type. Dei fyrste som kom var Alfa
som, fyrst hadde fabrikk i Danmark,
sidan og i Norge. Möllerup var og dansk.
men var ei därleg Maskjin. Heine motoren
var og Dansk frå fyrst av. Sidan vart
her fabrikk her i landet og. Sidion motoren
og var Dansk, men her vart stor Fabrikk i Volda.

14318
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 70

Desse motorsorten, var dei fyrste som kom hit til våre trakter. Men nokk ikkje kom Vikkmanmotoren, eller Rubb frå Rubbestadnes i Hordaland. Hjelsetmotoren frå Ålesund, og Volda motoren frå Volda! Disse siste, er det som er mest brukt no!
Det var helst dårlege tider, frå 1900 og utover, lite fisk og sild, med dårlege prisar. Fram mot 1912 vart det litt betre. Det vart iallfall meir og rikare med fisk. So kom den fyrste Verdskrigen, då var det komme so langt, at alle hadde fått motorbåt. Det var dei åra godt um Sild med gode prisar. Masse vis med Torsk og Sei, som og gav god forteneste. Dei som kosta seg nye båtar i disse åra, kunne skrape til, å få dei betalt på eit år!
Dei aller fyrste åra, vart motoren brukt helst som hjelpemotor, helst i stilt veir, når det bles opp, brukte dei segl, og motoren støtta litt atåt.
Motoren vart helst sett i Deksbåtar, her hjå oss. Av og til og, i åpne mindre båtar. Men ikkje i dei vanlege Nöringsbåtane, som dei brukte til vinterfiskje, disse båtar vart helst sette på land for godt, eller brukt til ymse anna bruk. Dei gamle og små båtar, vart etterkvart utbytte, med större, og meir tidhöveleg båtar.
Dei fyrste motorane var ofte dårlege, ofte var dei vanskeleg å få igang eller Starte, og stött var det noko å koste på dem, men etter som åra gjekk, vart disse utbytte, med betre maskiner, som var heilt driftsikker. Elles, fall all motbörd mot motorane heilt bort. Det var berre dei alle fyrst åra dei gamle karane, mislikte motorane på ymse måter!

14318
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 70 Motoranne

III

Etter at Motoranne kom!

Det var stort sett dei same manskapa på motorbåtane, som på dei åpne båtar! I fyrste tid, medan båtane med motor i, var heller små, var dei sjeldan meir enn 5 mann på Motorbåten, medan dei altid var 7 på den open båten. Men etter kvart båtane vart större, vart det og trong for meir folk, so det vart både 6 og 7 mann. No når båtane er millom 50 og 60 fot, er det 9 – 10 og 11 Mann.

Det er, og har vore helst ein mann, som skulde stella med Maskjina, men etterkvart, har fleire mann vorte opplærde i dette. Helst er båteigaren kyndig i å stella med Motor og Maskjina.

Det vart den forandring frå før, at ofte yngre gutar, eller menn, rykte opp, og vart båtförar, for han kunne med Maskjin og Motoren. Den eldre som kanskje hadde vore enten förar eller andre ansvarsfulle umbod, på robåt og siglar, kom no fram på dekk i vanleg arbeid. Men når Vegna skulde setjast, var det dei gamle, som vart spurd tilråds, for dei kjende på ein prikk Fiske grunnane, og dei beste plassar for å få mykje fisk.

Like eins i vonde tider, i myrkre og Kave, visste dei godt kvar dei var komne. Kvart Fall og Flud, hadde sine særlydar, og sin særlege måte å bryta på. I slike stunder var den eldre röynde Fiskar, god å ha med seg. Dei eldre såg og sin underlegenheit, over for stell av motor

14318
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og andre moderne hjelpe ting, di
for overlet di utan kunnar, styrekompet
til yngre krefter. Som oftast var det
ein av sönerne, som overtok, og då
følte ofte den, kloke faren, seg stolt
av söner, som tok oppatt yrket, men
enn på ein annan og moderne måte,
Var nokon for veike til å drive
fiske i ro og seglttida, so vart det ikkje
so mykje betre, sidan Motoren kom. Sjölsakt
vart det mindre slit, med Segl og Åra.
Men so vart det so mykje intenst og
rasjonelt drive, sidan motoren kom. Det
kan hende, at sönarne tok med, den slitte
far sin, so han fekk tut, som han so
ofte trong um. Og di let han få av
di lettaste og beste Jobbane, ofte var det
far, og slike slike som var slutte sjöm,
som stelte heime i Naustet, med Fisken
som skulde flekkast og Saltast!
Motor og Spel, og alt som idag er
brukt, får berre lovord, og ikkje noko
mennesskje, vil ønske, til forholde som
di var, for 50 årsidan.
Alle tekniske Nyheiter, Ekkolodd
Astik. Komandoanleg. Hydrauliske Vinser,
Ja alt som nemnast kan, er med og gjer
fisket til ein leik mot i eldre tider.
Dog er her visse fordomme mot Trålnot
som folk flest trur, er det som gjer, at
Torsken, stort sett har vore burte frå Möre
kysten, i so lang tid, heilt frå 1926
har her kort og godt ingen Torsk vore.
Det er vel mest di utanlanske Trålarar
i Barentshavet og Finmark kysten, som
auser inn Fisk, og den små fisk og yngelen
kastar di ut at, so sjöen flyt av daud
småfisk. Oppskrive av Gerhard Bringsvor

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14318